



Harald Jordal  
Postboks 89  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1677 - 21/32095

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
10.05.2021

## Landbrukssak gbnr 33/1 Jordal - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 559/21

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Harald Jordal løyve til bygging av omsøkt veg på 33/1 Jordal.

### Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som ømsøkt.
- Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Naturtype rik sump og kildeskog må takast vare på når skogen skal takast ut.
- Vedtaket er gyldig til 31.05.2024

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

### Saka gjeld

Harald Jordal søker om bygging av veltelplass og noko utbetring av dagens veg for å ta ut skog på eigedommen 33/1 i Alver kommune. Det er ca 40daa skog på denne delen av eigedommen. Utbetring av avkøyrsløse til fylkesveg er søkt om til Vestland fylkeskommune.

### VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheitsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt

på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen og velteplassen skal i denne saka gje tilkomst til hogstmoden skog og er såleis i tråd med føremålet i forskrifta.

Prinsippa i §§ 8 – 1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Det er gjort funn av Naturtype - rik sump og kildeskog.

Saka har vært på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune v/kulturavdelinga. Kulturavdelinga i Alver og Vestland fylkeskommune hadde ingen merknadar i saka. Statsforvaltaren synar til ein naturtype som i aust på eigedommen som må takast vare på ved hogst. Sjå bilde 1.



Bilde 1 Naturtype – Rik sump- og kildeskog.

### **Regelverk**

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier  
Naturmangfaldlova  
Forvaltningslova  
Kulturminnelova  
Offentlegheitslova

### **Privatrettslege tilhøve**

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje kommunen kan hjelpa med.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1677

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Harald Jordal

Postboks 89

5936

MANGER